

## Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 20.08.2015

Anita Garlid Johannessen s(Frp) sette på vegner av utvalet fram følgjande forslag til vedtak:

«Nytt pkt. 5. Hordaland fylkeskommune ber om at det vert samsvar mellom gitte konsesjonar og plankartet i planen.»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Garlid sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

|   |
|---|
| <p>1. Kommuneplanens arealdel for Fusa er i hovudsak i samsvar med mål og retningslinjer i regionale planar. Kommunen har fått til medverknad og breitt engasjement med mange innspel til planarbeidet. Hordaland fylkeskommune vurderer kommuneplanen, arealdelen som eit godt og tydeleg styrings- og utviklingsreiskap som legg til rette for at kommunen kan nå sine mål for samfunnsutviklinga.</p>  |
| <p>2. Plankartet har formelle manglar med omsyn til automatisk freda kulturminne. Desse går fram av lista under. Dette må rettast i samband med endeleg handsaming av planen.</p> <p>6338 Vinnes - Fetts fk. 1<br/>25861 Lundarvik - Gravrøys<br/>45837 Skote - Fetts fk. 7<br/>84596 Holdhus gamle kyrkje<br/>85601 Strandvik kyrkjestad<br/>90349 Heihellersetra<br/>90360 Havsgård - Kolgrop<br/>121402 Mjånes - Lausfunn/<br/>123057 Kvålsvågen<br/>141023 Ulven<br/>201557 Drageidkanalen</p>  |
| <p>3. Føresegnene dekkjar ikkje område for bandlegging og mellomalderkyrkjegardar tilfredsstillande. Forslag til presiseringar må takast inn i retningslinjer/føresegner.</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• <i>Alle tiltak innafor omsynssone C - H570 skal sendast til kulturminnevernet for vurdering og fråsegn.</i></li><li>• <i>Omsynssone D – H730 er automatisk freda kulturminne. Jf. kulturminnelova § 3 kan det ikkje utan at det er lovleg etter § 8 setta i gang tiltak som er egna til å skada, øydelegga, grava ut, flytta, endra, dekka til, skjula eller på anna vis utilbørleg skjemma kulturminnet.</i></li><li>• <i>Kyrkjegardar frå mellomalderen er eit automatisk freda kulturminne. Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verka inn på dei automatisk freda kulturminna innanfor omsynssona er ikkje tillate utan etter dispensasjon frå kulturminnelova. Unntak gjeld for bruk av eksisterande graver som har vore i kontinuerleg bruk i frå mellomalderen.</i></li><li>• <i>Graver som ikkje er i bruk pr. i dag og gravstader der det ikkje har vore gjort gravlegging etter 1945 skal ikkje takast i bruk igjen.</i></li><li>• <i>Gravminne som er eldre enn 60 år skal ikkje flyttast eller fjernast utan at kulturminnevernet er gitt høve til å uttale seg.</i></li><li>• <i>Eventuell søknad om løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne eller tiltak som kan ha innverknad på kulturminna skal sendast rette kulturminnemynde i god tid før arbeidet er planlagt sett i gang. Kostnader knytt til nødvendige arkeologisk undersøking skal dekkjast av</i></li></ul> |

tiltakshavar jf. kulturminnelova § 10.

## 4. Hordaland fylkeskommune tilrår følgjande endringar i planen:

Bustad:

- a) BB2 Holmefjord bør avgrensast slik at den funksjonelle strandsona vert ivaretatt.
- b) BB5 Nesheim vert frårådd av omsyn til strandsone og landskap.

Fritidsbustad:

- c) BF1 Sævild vert frårådd fordi det punkterer eit stort urørt område.
- d) BF4 Skjørstrand bør avgrensast i høve til funksjonell strandsona.

Sentrumsføremål:

- e) Sentrumsområde for Strandvik vert tilrådd avgrensa for utarbeiding av områdeplan

Næring:

- f) For å styrke kommunesentret må føresegnene tydeleggjerast for å hindre etablering av handel på BN5 Heiane/Eikelandsheiane.
- g) For BS1 og B10 bør det utformast føresegner for å forhindra ei utvikling av publikumstenester på begge sider av vegen.

Strandsone og sjøområde:

- h) BA1 Kråkeskar, opplagsplass for båtar bør reduserast grunna eksponert plassering.
- i) BA10 Haganaset bør ha krav om fellesnaust i føresegnene.
- j) BA8 Sundfjord, småbåthamna bør takast ut av planen av omsyn til landskap og kulturlandskap. Samlokalisering sør i Sundfjord bør vurderast.

## 5. Hordaland fylkeskommune ber om at det vert samsvar mellom gitte konsesjonar og plankartet i planen.